

Årsmelding 2012



16. januar 2012 opna helseminister Anne Grethe Strøm Erichsen VilVites permanente musikkterapiutstilling, kalla "Samspill – en utstilling om musikkterapi". Her demonstrerer helseministeren stasjonen "Soundbeam" saman med Simon Gilbertson.

Innhald

DEL 1: INNLEIING OG OVERSIKT	2
Bakgrunn, mål og strategi	2
Tilbakeblikk og oppsummering, 2012	2
DEL 2: RAMMER OG VILKÅR.....	5
Organisasjon og økonomi.....	5
DEL 3: FAGLEG AKTIVITET	7
Forskningsprosjekt	7
Tidsskriftsdrift.....	10
Publisering og andre formidlingsoppgåver	10
DEL 4: PRIORITERTE SATSINGAR OG VIDARE UTVIKLING.....	12
Rammer for utvikling.....	12
Tematiske satsingsområde	12
Aktuelle utviklingsområde	13
DEL 5: VEDLEGG.....	14
Vedlegg 1 – Rekneskap GAMUT 2012.....	14
Vedlegg 2 – Personale i 2012.....	15
Vedlegg 3 – Nokre nyhende 2012, frå vefsida www.gamut.no.....	16
Vedlegg 4 – Publikasjonar og faglege presentasjoner 2012.....	17
Vedlegg 5 – Medieoppslag om GAMUT	21

DEL 1: INNLEIING OG OVERSIKT

Bakgrunn, mål og strategi

GAMUT – Griegakademiets senter for musikkterapiforskning vart etablert hausten 2006, samstundes som musikkterapi vart etablert som fag ved Universitetet i Bergen. UiB og Uni Helse samarbeider om å utvikle GAMUT. Gjeldande mål og strategi vart formulerte i januar 2008 (sjå ”Om oss” på senteret si heimeside). Det er i 2012 ikkje gjort vesentlege endringar i høve til mål og strategi, så vi skal her berre oppsummere nokre hovudtrekk:

Mål

- Å utvikle eit norsk musikkterapeutisk forskingssenter på høgste internasjonale nivå
- Å sikre adekvat kunnskapsutvikling innan universitetsfaget musikkterapi
- Å utvikle samfunnsrelevant kunnskap om samanhengar mellom musikk, helse og utvikling, for bruk i m.a. helsevesenet, sosialtenesta, skulesektoren og kultursektoren.

Arbeidsområde

GAMUT forskar på forholdet mellom musikk og helse, i kliniske og kvardagslege samanhengar. Forskningsresultat vert i hovudsak publiserte i fagfellevurderte internasjonale tidsskrift og i monografiar/bøker. Konkrete formidlingsaktivitetar utover dette omfattar kronikkar og andre former for popularisert formidling, rettleiing for aktuelle fagpersonar og miljø og dessutan populariserte forskingsbaserte kurs og foredrag.

GAMUT er vidare ein sentral aktør innan publisering av internasjonale musikkterapidesskrift, som utgjevar av det verdsomspennande tidsskriftet *Voices: A World Forum for Music Therapy* (nivå 1, Open Access) og det internasjonale tidsskriftet *Nordic Journal of Music Therapy* (nivå 2, drive i samarbeid med Routledge).

Strategi

Sentrale strategiar for utvikling av GAMUT er:

- Utvikling av eit tett samarbeid mellom musikkterapiforskarane ved UiB og Uni Helse
- Inkludering av og samarbeid med masterstudentar og doktorgradskandidatar
- Tverrfagleg samarbeid med aktuelle forskingsmiljø ved UiB og Uni Helse
- Tverrfagleg samarbeid med regionale og nasjonale institusjonar
- Samarbeid i internasjonale forskingsnettverk

Tilbakeblikk og oppsummering, 2012

NFR-finansierte prosjekt

Prosjektet ”Music therapy for autism (TIME-A)” hadde ”kick-off-seminar” i Bergen 4.-6. juni 2012, med forskrarar og fagfolk samla frå dei fleste av dei samarbeidande fagmiljøa (på dette tidspunktet frå sju ulike land, m.a. Australia, Israel, Noreg og USA). Seinare i same månad, den 28. juni 2012, var det eit uoffisielt ”kick-off-møte” i Wien, m.a. med presentasjon frå det samarbeidande fagmiljøet i Brasil. TIME-A er ein multisenter RCT, den største i sitt slag internasjonalt, der ein vil undersøke om musikkterapi kan være et effektivt tiltak for å styrke den sosiale kompetanse til barn med autisme. Prosjektet fekk støtte frå to ulike program i NFR i 2011, og fekk difor samla ca. 15 millionar kr.



Forskningsprosjektet ”Time-A” samlar forskarar frå Australia, Brasil, Israel, Italia, Korea, Norge, UK, USA og Østerrike. Dei skal saman finne ut om musikkterapi styrkjer den sosiale kompetansen hjå barn med autisme. Her er nokre av forskarane samla i Bergen.

Andre prosjekt

Mot slutten av 2012 ble GAMUT-prosjektet ”The quality of the relationship as outcome predictor in music therapy with children with autism spectrum disorders” tildelt kr. 400 000 av Helse Vest. Prosjektleiar er Wolfgang Schmid, som har utvikla dette i samarbeid med Karin Mössler.

Første fase (2008-2012) av ”Nettverket musikk og eldre: Samarbeid om forsking og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre” – finansiert av GC Rieber Fondene – vart avslutta i 2012. Prosjektet fekk ny støtte frå GC Rieber Fondene i løpet av 2012, slik at dette no er sikra drift fram til andre halvdel av 2014.

Innanfor UiB-delen av forskingsressursen er der fleire pågående prosjekt, m.a. kvalitativ utforsking av ressursorientert musikkterapi i psykisk helsearbeid, arbeid med eit teoretisk grunnlag for samfunnsmusikkterapien, og eit kunstnarisk utviklingsarbeid (In Visible Hands) med tilhøyrande kvalitative studiar.

Tidsskriftsdrift

For *Nordic Journal of Music Therapy* har samarbeidet med Routledge funne si form og tidsskriftet er inne i ei svært positiv utvikling. *Voices: A World Forum for Music Therapy* var i ein krevjande men spennande overgangsfase i 2012, der ein har prøvd å vidareutvikle profilen som eit vitskapleg tidsskrift utan å miste den inkluderande og kultursensitive profilen som tidsskriftet har hatt sidan etableringa i 2001. Tidsskriftet fekk ei viktig tildeling frå GC Rieber Fondene i løpet av 2012, slik at dette no er sikra drift fram til andre halvdel av 2014.

Samfunnkontakt, praksisrelevans og samarbeidsrelasjonar

Her vil vi kort skissere nokre av dei meir kontinuerlege arbeidsprosessane for utvikling av GAMUT i 2012. For meir detaljert informasjon, viser vi til Del 3 og ulike vedlegg.

Som tidlegare år har fagmiljøet ved GAMUT også i 2012 vore aktivt i høve til generering av musikkterapeutisk praksis i Bergen. Dette ser vi som avgjerande for utvikling både av musikkterapistudiet ved UiB og

av GAMUT som forskingssenter.

Viktigaste reiskapen for samfunnkontakt og samfunnsdeltaking er elles publisering og ulike former for formidling.

Populærvitenskapleg formidling har vore omfattande. M.a. samarbeidde GAMUT tett med VilVite (Bergen Vitensenter) i 2012, først gjennom offisiell opning av VilVite si musikkterapiutstilling i januar 2012, så med ei rekke populariserte arrangement utover våren. Musikkterapiutstillinga vart opna av helseminister Anne Grethe Strøm Erichsen 16. januar 2012. VilVite er det første opplevings- og læringssenteret for vitskap med ei eiga musikkterapiutstilling, etter det vi kjenner til, også i internasjonal samanheng.

Personale og organisasjon

Viktige nytelsetjingar i fagmiljøet i 2012 er: Jill Halstead vart tilsett som førsteamanuensis i fast 100 % stilling frå 1. september 2012, Viggo Krüger engasjert i delstilling som førsteamanuensis frå 1. august og Lucja Bieleninik engasjert som NFR-finansiert postdoktor frå 15. november 2012.

Dei to første disputasar i musikkterapi ved UiB kom i 2012:

- Viggo Krüger disputerte fredag 2. mars 2012 for PhD-graden, med ei avhandling om ungdommar sine opplevingar av deltaking i ein samfunnsmusikkterapeutisk praksis i barnevernet. Komité: Professor Even Ruud frå UiO var førsteopponent, førsteamanuensis Astrid Strandbu frå UiT var andreopponent, medan førsteamanuensis Randi Rolvsjord frå UiB var



Saman med studentar frå Griegakademiet og musikkterapeuter i Hordaland og Sogn- og Fjordane stod GAMUT våren 2012 bak ei serie populærvitenskapsforedrag på Vilvite-senteret i Bergen. Her er det Guri Dypvik, Hilde Rødland og Torgeir Børnes som viser korleis vi kommuniserer med kvarandre gjennom musikk.

komitéleiar. Rettleiarar var Brynjulf Stige og Dagfinn Winje.

- Audun Myskja disputerte fredag 22. juni 2012 for PhD-graden, med ei avhandling om "integrert musikk" i demensomsorga på sjukheimar. Komité: Professor Hanne Mette Ridder frå Aalborg Universitet var førsteopponent, førsteamansensis Øyvind Kirkevold frå Aldring og helse, Nasjonal kompetansestjeneste var andreopponent og førsteamansensis Wolfgang Schmid frå UiB var komitéleiar. Rettleiarar var Brynjulf Stige og Torgeir Brun Wyller (UiO).

I november 2012 vart det elles klart at musikkterapistudiet ved UiB får tilført ei sjette fagstilling. Fagmiljøet har dokumentert og argumentert for denne stillinga sidan forhandlingane i 2005 om flytting frå HSF til UiB. At stillinga kjem før perioden går ut for dei mellombelte stillingane (stipendiat og postdoktor) fagmiljøet fekk tilført ved etablering av årlege opptak i 2009, vil bidra til å sikre at GAMUT får eit rimeleg stødig UiB-fundament i åra framover.

I november 2012 vart samarbeidsavtale mellom UiB og Uni Research om GAMUT ferdig utarbeidd og sendt til leiinga for dei to organisasjonane for signering.

I 2012 vart det vidare klart at Kunnskapsdepartementet godkjener studiet i finansieringskategori B, noko som bør sikre det økonomiske fundamentet for utdanninga og difor også for universitetsforskinga i senteret i åra framover.

Utfordringar

Som i 2011 var aktiviteten i 2012 prega av tre hovudutfordringar: a) konsolidering av fagmiljøet etter at UiB styrkte satsinga si på musikkterapi i 2010 ved å etablere eit femårig integrert masterprogram i musikkterapi, b) utvikling av forskaropplæringa gjennom oppbygginga av Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies, c) heving av

forskningsambisjonane gjennom arbeid med ein søknad om status som senter for framifrå forsking (SFF).

Ad a): Det femårige integrert masterprogrammet i musikkterapi var også i 2012 i ein krevjande oppbyggingsfase, der fagpersonalet i UiB-stillingane oppleve eit sterkt arbeidspress. Det var difor eit viktig gjennombrot for musikkterapi som universitetsfag når fakultetsstyret hausten 2012 gjorde vedtak om å tilføre det integrerte masterstudiet ei sjette fast fagstilling frå og med budsjettåret 2013. Stillinga vert lyst ut på nyåret 2013 og det er vel først i 2014 at ein kan byrje å hauste fruktene av dette vedtaket, men det er prinsipielt viktig med tanke på å utvikle rimelege rammevilkår for utvikling av faget.

Ad b): Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies (GRS) vart opna i desember 2010 og er altså ein regional og tverrfagleg forskarskule. GAMUT sine PhD-kandidatar har tatt GRS i bruk og GAMUT vil etter beste evne prøve å bidra til ei god utvikling av forskarskulen framover.

Ad c): Som skissert i årsmeldinga for 2011, valde GAMUT det året å utarbeide ein SFF-søknad. Arbeidet med søknaden vart svært krevjande, i kombinasjon med oppbygginga av masterstudiet og forskarskulen, men forskargruppa gjekk inn i 2012 med optimisme i høve til søknaden, etter som det internasjonale ekspertpanelet i november 2011 hadde levert ei særslig positiv vurdering av søknaden, med toppskåre på dei fleste punkt. Dess større vart vonbrotet i 2012, når NFR likevel ikkje valde å la GAMUT sin søknad gå til andre runde. Etter fagmiljøet si vurdering var grunngjevinga frå NFRs fagkomité for humaniora/samfunnsvitskap ikkje grundig og ikkje prega av solid kjennskap til musikkterapifaget. Fagmiljøet måtte uansett byrje leite etter andre strategiar for fagleg utvikling. Noko av det positive som kom ut av søknadsprosessen var at faglege samarbeidsrelasjoner vart styrkt, lokalt og internasjonalt. Prosessen synleggjorde også behovet for ein samarbeidsavtale mellom UiB og Uni Research om GAMUT.

DEL 2: RAMMER OG VILKÅR

Organisasjon og økonomi

GAMUT har forankring både som forskingsgruppe ved Griegakademiet, UiB, og som ei eining under Uni Helse. Samspelet mellom UiB og Uni Research er ein føresetnad og avgjerande styrke for forskingssenteret. Det er i åra framover behov for å styrke rammene for forskingsaktiviteten, både i UiB-delen og Uni-delen av senteret. Det er både behov for fleire seniorstillingar og fleire stipendiat- og postdoktorstillingar.

Medrekna stipendiatar og andre mellombelse stillingar, har 16 fagpersonar og 3 førstekonsulenter på ulike vis vore knytt til GAMUT-prosjekt i 2012 (sjå Vedlegg 2).

Finansiering og økonomi 2012

Aktiviteten i GAMUT er i balanse økonomisk, sjå Vedlegg 1. Omsetjinga har gått litt opp samanlikna med 2011. Følgjande kjelder har stått for ekstern prosjektfinansiering i 2012 (alfabetisk rekkefølgje):

- Aleris Ungplan Region Vest
- Ekstramidler Helse- og rehabilitering
- GC Rieber Fondene
- Griegakademiet – institutt for musikk
- Nordisk publiseringssnemd for humanistiske og vitenskapelige tidsskrifter (NOP-HS)
- Norges forskningsråd
- Routledge (Taylor & Francis)
- University of Melbourne

Samarbeidsrelasjonar innan UiB og Uni Helse

Samarbeidet mellom musikkterapifaget ved UiB og forskingssenteret ved Uni Helse er heilt sentralt for GAMUT. Det er vanskeleg å tenkje seg det eine miljøet utan det andre. I tillegg til dette faginterne samarbeidet, legg fagmiljøet vekt på å utvikle ulike tverrfaglege samarbeids-relasjonar. Nedanfor vil vi kort skissere arbeidet med dette i 2012. Samla sett har GAMUT eit svært gode nettverk, der eksisterande relasjonar genererer nye.

Humanistiske og pedagogiske fag

Etnomusikologi og musikkvitenskap er nærskyldne fag som det er naturleg å ha kontakt med. Kontakten låg også i 2012 på eit lågt nivå, då studiet i musikkvitenskap ved Griegakademiet for tida "ligg på is". Musikkterapimiljøet er innstilt på å vidareutvikle kontakten når/dersom mogeleg.

Viktigaste reiskapen for tverrfagleg samarbeid

innan musikkfag i regionen er elles Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies (GRS), som samordnar forskaroplæringa i musikkpedagogikk, musikkterapi, musikkvitenskap og utøvande disiplinar i Vestlandsregionen. 4 institusjonar samarbeider om forskarskulen: Høgskulen i Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund, Høgskulen i Volda og Universitetet i Bergen. GAMUT var aktive i prosessen med å etablere forskarskulen i 2009 og 2010 og forskarar ved GAMUT har hatt ansvaret for leiing av forskarskulen frå etableringa i desember 2010, først Brynjulf Stige og frå 2012 Jill Halstead. Førstekonsulent Liv Gunnhild Qvale har vore kjøpt fri frå delar av rolla si ved GAMUT for å stå for den administrative koordineringa av GRS. Medisinske fag

Gjennom Uni Helse er det etablert fruktbar kontakt og samarbeid med Allmennmedisinsk forskningsenhet (AFE Vest). Gjennom Haukeland universitetssjukehus har det utvikla seg eit samarbeid i høve til nevro-rehabilitering, med prosjektsamarbeid med overlege Geir Olve Skeie. TIME-A har også styrkt samarbeidsrelasjonane med Haukeland universitetssjukehus, då særleg opp mot forskarar og fagpersonar ved PBU (Klinikk psykisk helsevern for barn og unge).

Psykologiske fag

Samarbeidet med ulike psykologiske fagmiljø er etablert m.a. i høve til kriminalomsorg (Anita Hansen) og samfunnspsykologi (Leif Edvard Aarø). Det er dessutan etablert eit fruktbart samarbeid med

ORGANISASJON 2012

Forskingsleiar: Brynjulf Stige

Programkoordinator UiB: Simon Gilbertson

Prosjektleiarar eksternt finansierte prosjekt: Christian Gold, Wolfgang Schmid og Brynjulf Stige

Redaktør NJMT: Christian Gold

Redaktørar Voices: Brynjulf Stige, Cheryl Dileo (USA) og Carolyn Kenny (USA)

Førstekonsulent NJMT/Voices: Rune Rolvsjord

Førstekonsulent GAMUT: Liv Gunnhild Qvale/Kristian C. Wedberg i vikariat frå 1. juli 2012

fagmiljøet i klinisk psykologi ved UiB (særleg Per-Einar Binder og Helge Holgersen). Vidare er det etablert ein god samarbeidsdialog med Regionalt kunnskapssenter for barn og unges psykiske helse (RKBU Vest). I samband med utviklinga av SFF-søknaden vart gode samarbeidsrelasjoner utvikla også med professor Karsten Specht ved fMRI-gruppa ved Institutt for biologisk og medisinsk psykologi og professor Inger Hilde Nordhus, Institutt for klinisk psykologi, begge ved Psykologisk fakultet ved UiB.

Andre samarbeidsrelasjoner

Fagmiljøet i musikkterapi har tradisjon for å arbeide i faglege nettverk, lokalt/regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette har ein søkt å vidareutvikle også i 2012.

Formalisert samarbeid er inngått med følgjande regionale/nasjonale instansar:

- Aleris Ungplan & BOI, Vest
- Allmennmedisinsk forskningsenhet (AFE Vest)
- Bergen kommune
- Bergensklinikken
- Kriminalomsorgen Vest
- Kulturskulen i Fjell
- Lovisenberg Diakonale Sjukehus
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus
- Opplevings- og læringssenteret VilVite, Bergen
- Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU Vest)

- Senter for musikk og helse, Norges musikkhøgskole
- Sogn og Fjordane fylkessenter for musikkterapi
- Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane
- Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland

Internasjonale nettverk i musikkterapi omfattar bl.a. samarbeid med:

- Anglia Ruskin University, Cambridge, England
- Katholieke Universiteit, Leuven, Belgia
- Temple University, Philadelphia, USA
- University of Jyväskylä, Finland
- University of Melbourne, National Music Therapy Research Unit/NaMTRU), Australia
- University of Roehampton, Centre for Arts Therapies Research, London.
- Aalborg Universitet

Nettverk knytt til tidsskriftsdrifta:

Nordic Journal of Music Therapy har tett samarbeid med redaksjonsmedlemmer, redaksjonskontaktar og språkkonsulentar frå 18 ulike universitet og institusjonar i Europa, USA, Asia og Australia. Tilsvarande har tidsskriftet Voices: A World Forum for Music Therapy eit formalisert samarbeid med Antioch University i USA og dessutan tett samarbeid med 20 redaksjonsmedlemmer fordelt på 18 ulike land og institusjonar, der alle kontinent er representerte med minst 2 redaksjonsmedlemmer.

DEL 3: FAGLEG AKTIVITET

Forskningsprosjekt

Hovedaktiviteten i GAMUT er knytt til forskning. Vi gjev her oversyn over forskningsprosjekt som involverte GAMUT-forskare i 2012. Meir informasjon tilgjengeleg på nettsidene www.gamut.no

A qualitative study of clients' roles, competence and actions in resource-oriented music therapy

Tidsperiode: 2010-2014
Finansiering: Universitetet i Bergen
Forskar/Prosjektleiar: Randi Rolvsjord

Barn og uro. En undersøkelse av begrepet "uro" i barnehagen i en musikkterapikontekst (PhD-prosjekt)

Tidsperiode: august 2011-juli 2016
Finansiering: Universitetet i Bergen
Kandidat: Anna Helle-Valle
Medrettar: Per Einar Binder og Normann Andersen (begge RKBU, Uni Helse og Psykologisk Fakultet, UiB),
Hovudrettar: Brynjulf Stige

Becoming bodies: A science-art collaboration. A dance music film using arts methodology and scientific narrative to raise questions about the body, embodiment and body politics.

Tidsperiode: oktober 2010-oktober 2012
Finansiering: Centre for Arts Therapies Research, Roehampton University, London, Institute for Molecular and Cellular Biology, University of Porto, Portugal og UiB Centre for Arts Therapies Research, Roehampton University, London
Involverte forskarar: Jill Halstead og Beatrice Alleganti (Roehampton University, London)

Effektar av musikkterapi for fengselsinnsette: fase 2 (MT-PRIS2)

Tidsperiode: januar 2010-desember 2012
Finansiering: GC Rieber Fondene, Kriminalomsorgen
Involverte forskarar: Christian Gold, Anita Hansen, Liv Gunnhild Qvale.
Prosjektleiar: Christian Gold

Effekten av individuell musikkterapi på livskvalitet, agitert åferd og medisinering hos personar med demens: pilotstudie

Tidsperiode: august 2010-juli 2013
Finansiering: GC Rieber Fondene, Universitetet i Bergen, Aalborg Universitet
Involverte forskarar: Liv Gunnhild Qvale, Hanne Mette Ridder, Brynjulf Stige.
Prosjektleiarar: Hanne Mette Ridder og Brynjulf Stige

En systematisk evaluering av metoden Integrert musikk ved sykehjem (PhD-prosjekt)

Oppstart: august 2006 (kandidat på deltid, disputas gjennomført i juni 2012)
Finansiering: CG Rieber Fondene
Kandidat: Audun Myskja
Medrettar: Torgeir Brun Wyller (UiO)
Hovudrettar: Brynjulf Stige

In visible hands: A multidisciplinary collaborative arts-based research project exploring meanings given by music therapists involved in creative music action in relation to their hands

Tidsperiode: desember 2011-desember 2013
Finansiering: Universitetet i Bergen
Prosjektleiarar: Simon Gilbertson og Jill Halstead

Making music: Action, embodiment, health. Locating music as act and activity in contemporary culture (postdoktorprosjekt)

Tidsperiode: oktober 2010-oktober 2012 (vert delvis vidareført i Halsteads faste UiB-stilling fra hausten 2012).
Finansiering: Universitetet i Bergen
Forskar/prosjektleiar: Jill Halstead

Music as a bridge between strengths and difficulties: Preventing mental ill-health through early identification and early intervention in adolescence

Tidsperiode: 2012-2014
Finansiering: Australian Research Council
Involverte forskrarar: Katrina McFerran (Australia), Christian Gold, Denise Grocke (Australia), Suvi Saarikallio (Finland), Grace Thompson (Australia)
Prosjektleiar: Katrina McFerran (Australia)

Musikk/musikkterapi som helsefremmende og sykdomsforebyggende arbeid/tiltak på sykehjem er også sykepleie

Prosjektperiode: 2011-2012
Finansiering: Høgskolen i Bergen
Samarbeidspartnarar: Høgskolen i Bergen, Slettemarken sykehjem/Bergen kommune
Involverte forskrarar: Astrid Borge (HiB), Kathrine Dahle (Bergen kommune), Anna Helle-Valle, Brynjulf Stige
Prosjektleiar: Beate Grindheim (Slettemarken sykehjem/Bergen kommune)

Musikkterapi som behandlingsmetode i en barnevernsinstitusjon (PhD-prosjekt)

Oppstart: august 2006 (kandidat på deltid, disputas gjennomført mars 2012)
Finansiering: Aleris Ungplan Region Vest (løn) / UiB (drift)
Kandidat: Viggo Krüger
Medrettileiar: Dagfinn Winje (Psykologisk Fakultet, UiB)
Hovudrettileiar: Brynjulf Stige

Nettverket musikk og eldre: samarbeid om forskning og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre

Tidsperiode: september 2008-juli 2012 (vert vidareført til andre halvdel av 2014)
Finansiering: GC Rieber Fondene
Involverte forskrarar: Tone Sæther Kvamme (NMH), Hanne Mette Ridder (AaU), Brynjulf Stige (UiB)
Prosjektleiar: Brynjulf Stige

Perspectives on music therapy theory

Tidsperiode: august 2010-juni 2014
Finansiering: Universitetet i Bergen
Prosjektleiar: Brynjulf Stige

Porten inn, vegen ut. Rockens rolle i musikkterapi innan kriminalomsorga (PhD-prosjekt)

Tidsperiode: februar 2010-februar 2014
Finansiering: Universitetet i Bergen
Kandidat: Lars Tuastad
Hovudrettleiar: Brynjulf Stige

Psykotiske pasienters erfaringer med musikkterapi (PhD-prosjekt)

Oppstart: november 2009 (kandidat på deltid, planlagt fullført i 2014)
Finansiering: Rådet for psykisk helse/Extrastiftelsen
Kandidat: Hans Petter Solli
Hovudrettleiar: Randi Rolvsjord

Sense of relation: An inquiry into the cross-modal and cross-functional nature of the senses in perception and cognition

Tidsperiode: august 2011-august 2013
Finansiering: Universitetet i Bergen
Prosjektleiar: Simon Gilbertson

The quality of the relationship as outcome predictor in music therapy with children with autism spectrum disorders

Tidsperiode: desember 2012-desember 2015
Finansiering: Helse Vest
Involverte forskarar: Karin Mössler og Wolfgang Schmid
Prosjektleiar: Wolfgang Schmid

Trial of Improvisational Music therapy's Effectiveness for children with Autism (TIME-A)

Tidsperiode: 2012-2015
Finansiering: Norges forskningsråd
Involverte forskarar frå GAMUT: Christian Gold, Jörg Assmus, Łucja Bieleninik, Karin Mössler (i tillegg kjem ei lang rekke internasjonale forskarar hjå samarbeidspartnarar i sju forskjellige land).
Prosjektleiarar: Christian Gold

Tidsskriftsdrift

Nordic Journal of Music Therapy (NJMT)

Tidsskriftet var etablert i 1992, med Brynjulf Stige som initiativtakar og første redaktør. Sidan 2006 har Christian Gold vore redaktør. NJMT er på nivå-2 i det norske tellekantsystemet. Tidsskriftet er inne i ei rivande utvikling og er i ferd med å etablere seg som det leiande vitskaplege tidsskriftet i musikkterapi internasjonalt. Samarbeid med Routledge (Taylor & Francis) vart etablert i 2008 og fungerer godt. Innføring av programmet Manuscript Central gjev profesjonell handtering av vurderings·prosessen frå innlevering og fram til publisering. Distribusjonen av tidsskriftet er også styrkt.

Voices: A World Forum for Music Therapy

Dette verdsomspennande tidsskriftet og forumet vart etablert i 2001 og er publisert elektronisk. Brynjulf Stige og Carolyn Kenny var dei første redaktørane og har framleis denne rolla. Redaksjonen vart styrkt i 2010 med ein tredje medredaktør, nemleg professor Cheryl Dileo frå Temple University, Philadelphia, USA. Tidsskriftet er publisert som Open Access og er rangert som eit nivå-1-tidsskrift i det norske tellekantsystemet. Voices er utvikla som eit inkluderande forum for publisering i ulike sjangrar, samstundes som profilen som fagfellevurdert internasjonalt tidsskrift vart styrkt i 2012, m.a. med Karin Mössler i rolla som associate editor med særleg ansvar for denne delen av tidsskriftsdrifta. Økonomien er ei hovudutfordring, då tidsskriftet sin sosiale profil gjer det vanskeleg å finansiere Open Access med forfattarbetaling. I 2012 fekk tidsskriftet viktig økonomisk støtte frå GC Rieber Fondene, slik at

det vert mogeleg å drive tidsskriftet vidare til andre halvdel av 2014 og bruke denne tida til å finne nye finansieringsmodellar.

Publisering og andre formidlingsoppgåver

Her gjev vi eit oversyn over publisering og annan formidling ved GAMUT. Sjå vedlegg 4 for referansar.

Artikkelpublisering

Forskarar frå GAMUT publiserer i nasjonale og internasjonale tidsskrift, med og utan fagfellevurdering, avhengig av målsetjing og målgruppe for publikasjonane. I 2012 er forskarar frå GAMUT førsteforfattarar på 3 artiklar og medforfattarar på 7 artiklar i internasjonale tidsskrift med fagfelle·vurdering.

Bokkapittel, bøker og avhandlingar

I 2012 publiserte fagmiljøet 9 bokkapittel, på norske og (først og fremst) internasjonale forlag. Vidare vart 2 fagbøker om samfunnsmusikkterapi (community music therapy) publiserte av GAMUT-forskarar dette året, begge på amerikanske/internasjonale forlag. Vidare vart 2 doktoravhandlingar forsvert med disputas i 2012 og slik gjort tilgjengelege for ålmenta.




Voices
A WORLD FORUM FOR MUSIC THERAPY

Voices er eit internasjonalt forum for musikkterapi med eit fagfellevurdert tidsskrift på nivå 1.

Voices vert publisert som Open Access og er tilgjengeleg frå:

www.voices.no



NJMT vert publisert i samarbeid med Routledge og er mellom anna indeksert i Social Sciences Citation Index®, PsycINFO, RILM og CINAHL

www.tandfonline.com/rnjm

Annan publisering

I 2012 publiserte forskarar frå GAMUT 1 populærvitenskapleg artikkel, 1 kronikk, 1 forord, 7 leiarartiklar i internasjonale tidsskrift og 2 bokmeldingar.

Foredrag på internasjonale og nasjonale konferansar

I 2012 hadde forskarar frå GAMUT 4 foredrag på nasjonale konferansar og 14 på internasjonale konferansar. Ein av dei internasjonale var ein invitert keynote og ein var invitert keynote respons.

Kurs og foredrag

I tillegg til bidrag på internasjonale og nasjonale konferansar, har dei fagtilsette i GAMUT i 2012 gjennomført ei rekke foredrag og kursopplegg i ulike samanhengar, sjå Vedlegg 4.

Film

Filmar inngår i dag som ein viktig del av GAMUT sitt kommunikasjons- og formidlingsarbeid.

Lyden av liv vart produsert i 2009 og omhandlar musikk og musikkterapi i eldreomsorga. Filmen er fullfinansiert av GC Rieber Fondene.

Hele livet: Denne informasjonsfilmen vart laga hausten 2011, med tanke på bruk ved opninga av "Samspill – en utstilling om musikkterapi" ved VilVite og for vidare bruk i det daglege informasjonsarbeid om fag og utdanning. Filmen vart finansiert av Griegakademiet/UiB, Uni Helse/Uni Research og Haukeland universitetssjukehus/Helse Bergen.

Your Story Calls Me: Ein film om eit "community health initiative" for menneske som har opplevd sorg og tap. Filmen er finansiert av UnLtd UK og er laga gjennom eit samarbeid mellom Jill Halstead (musikk), Beatrice Alleganti (dans/rørsle) og Jonathan Wyatt (kreativ skriving). Førstegongs framsyning var i London 26. mars og 20. juni 2012. Filmen vart tatt i bruk som "UK National Health Service resource" av engelske allmennpraktikarar frå hausten 2012.

Samarbeid om seminararrangering

Seminar som GAMUT har arrangert eller vore med på å arrangere i 2012 inkluderer:

16. januar: **Offisiell opning av "Samspill – en utstilling om musikkterapi"** på VilVite. Bidragsytarar: Anne Grete Strøm-Erichsen, Brynjulf Stige, Christian Gold, Christian Rieber, Geir Olve Skeie, Randi Rolvsjord, Sigmund Grønmo, Simon Gilbertson, Svein Anders Dahl, Viggo Krüger (og ungdommar frå Aleris Ungplan), Wolfgang Schmid.

30. mai: **Ope seminar i "Nettverket musikk og eldre"**. Tema: "Sykehjem som samarbeidsarena". Førelesarar: Anne Mari Syversen, Aud Berit Fossøy, Jorunn Bakke Nydal m/ Førde Seniorkor,

Kathrine Dahle, Solgunn Knardal, Solveig Kjølberg

5. juni: **Autism and Music Therapy (TIME-A)**:

International Study Day. Bidragsytarar: Bente Ubostad, Brynjulf Stige, Christian Gold, Eivind Austad, Grace Thompson, Ingvar Bjelland, Jinah Kim, John Carpente, Maj-Britt Posserud, Monika Geretsegger, Tali Gottfried.

18.-21. juni: **Forskarseminar, Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies**. Tema: "Researching music practices – methodological approaches". Førelesarar: Brynjulf Stige, David Hargreaves, David G. Hebert, Marie McCarthy.

23. november: **Ope seminar i "Nettverket musikk og eldre"**. Tema: "Mot en modell for integrering av musikkterapi i eldreomsorgen?" Førelesarar: Brynjulf Stige, Hanne Mette Ridder, Hilde Onarheim, Ming Hsu, Raj Rani Gupta, Sissel Tollesen, Sunniva Ulstein Kayser.

4.-7. desember: **Forskarseminar, Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies**. Tema: "Musical Appropriation: Transformations, Fusions, Ownership, Ethics". Førelesarar: David Hesmondhalgh, Even Ruud, Tomi Mäkelä, Victoria Armstrong.

Slike opne fagseminar er viktige for utvikling av tverrfaglege dialogar og for musikkterapien si nettverksbygging. Det vil difor vere naturleg å vidareføre denne type aktivitet også i 2013.

Opning og oppfølging av musikkterapiutstilling på VilVite

16. januar 2012 opna altså helseminister Anne Grethe Strøm Erichsen VilVites nye, permanente musikkterapiutstilling, kalla "Samspill – en utstilling om musikkterapi". Utstillinga kastar lys over det helsefremmande samspelet som kan oppstå i møtet mellom menneske og musikk og er eit viktig tilskot til GAMUT sin formidlingsaktivitet. Etter det vi er kjende med, er dette det første opplevelses- og læringssenteret for vitskap med ei eiga musikkterapiutstilling.

Utover vårsemesteret følgde familjøet – i samarbeid med praksisfeltet – opp med popularisert formidling på VilVite:

- Samspill – hvorfor spiller vi sammen? (Hilde Rødland og Torgeir Børnes)
- Instrumentsafari – om samspill i musikkterapi (Sunniva Ulstein Kayser og Camilla Erlandsen)
- Klart vi kan! – et sangskriveverksted (Solgunn Knardal og musikkterapistudentar)
- SammelaBammelaBom - saman blandar vi musikk! (Jorunn Bakke Nydal)

DEL 4: PRIORITERTE SATSINGAR OG VIDARE UTVIKLING

Rammer for utvikling

Sidan etableringa av GAMUT i 2006, har den faglege utviklinga for senteret vore jamt positiv. Dei første åra etter etableringa i Bergen var det uklart kva som ville vere realistisk ambisjonsnivå for vidare utvikling, eit regionalt nivå (best i vest), eit nasjonalt/nordisk nivå eller eit internasjonalt nivå. I 2010 og 2011 vart det meir og meir klart at eit internasjonalt nivå ville kunne vere innan rekkevidde, og 2012 stadfestar at GAMUT vil og kan satse på å vere i forskingsfronten og å vere eit profilert miljø i internasjonal samanheng.

